



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref
Spm 1135

Vår ref
18/295-

Dato
16. mars 2018

Spm. nr. 1135 til skriftleg svar

Eg syner til spørsmål nr. 1135 til skriftleg svar frå stortingsrepresentanten Kjersti Toppe (SP) til landbruks- og matministeren:

"Hvor mange godkjente Inn på tunet-gårder er det totalt og for områdene oppvekst- og opplæring, arbeid og arbeidstrening, og helse og omsorg, hvor mange har avtaler med det offentlige fordelt på områdene og vil statsråden komme med nye tiltak/ handlingsplan etter at førre gikk ut i 2017? "

Godkjennings- og merkeordninga, samt nasjonal nettside for IPT, blir drifta av Matmerk. Tabellen under syner fylkesvis fordeling av godkjente IPT- verksemder pr.1.1.2018, totalt 398 verksemder, og i tillegg 128 under godkjenning (Kjelde: Matmerk).

Fylke	Tal godkjente verksemder 1.1.2018	Under godkjenning 1.1.2018
Østfold	13	9
Akershus	37	15
Oslo	1	1
Hedmark	33	7
Oppland	29	2
Buskerud	24	10
Vestfold	13	5
Telemark	12	2

Aust Agder	10	8
Vest Agder	5	1
Rogaland	24	10
Hordaland	38	4
Sogn og Fjordane	18	5
Møre og Romsdal	20	9
Sør-Trøndelag	38	11
Nord- Trøndelag	27	11
Nordland	19	7
Troms	24	11
Finnmark	13	0
Totalt	398	128

Matmerk gjennomførde i 2017 ei spørjeundersøking mellom dei godkjente gardane og 202 verksemder (50 %) svarte. Tabellen under syner fordeling på type tenester som kan bli tilbott av gardane. Som det går fram av tabellen, kan den einskilde gard ofte tilby fleire typar tenester.

Type tenester som garden kan tilby	Prosent av respondentane	Tal respondentar
Garden som pedagogisk resurs	72,28 %	146
Arbeidstrening, språkopplæring og andre tilbod gjennom NAV	67,33 %	136
Omsorg, personer med demens, psykiske problem	59,41 %	120
Barn, barnehage, SFO	57,92 %	117
Anna	25,25 %	51
Kriminalomsorg	13,86 %	28

Talet respondentar = 202

Spørjeundersøkinga synte at om lag 87 prosent av dei som svarte leverer tenester pr. dd. Om lag 25 prosent har kontraktar på over eitt år. Matmerk har ikkje eksakt statistikk for tal på brukarar av tilboda samla sett. Departementet arbeidar med å gjere statistikkgrunnlaget for Inn på tunet betre.

I Meld.St.31 Garden som ressurs - marknaden som mål, har regjeringa lagt til grunn ei vidareføring av tiltaksområda i handlingsplanen også etter 2017, mellom anna det godt etablerte tverrdepartementale samarbeidet. LMD samarbeider med fleire departement om å synleggjere Inn på tunet som aktuelle tilbod, og Inn på tunet (IPT) blir satt på dagsorden gjennom konkret politikkkutforming og i politiske dokument til dei ulike tenestesektorane.

Gode døme på dette er at Inn på tunet er synleggjort som aktuelle åtgjerder m.a. i demensplan 2020, folkehelsemeldinga, integreringsmeldinga, regjeringa sin strategi for

aldersvenleg samfunn og strategi for god psykisk helse. I desse dokumenta er det vist til Inn på tunet som meiningsfulle aktivitetar som gir trivsel, læring og livsmeistring.

Fylkesmennene har eit tverrdepartementalt oppdrag i verksemds- og økonomiinstruksen i å synleggjere IPT som aktuelle tenester. Dei fleste fylkesmannsembeta har utarbeidd eigne fylkesvise handlingsplanar i ei breitt partnerskap.

Vidare har ein i samarbeid med fleire departement fått på plass meir rettleiande materiale for IPT. I 2015 kom nasjonal rettleiar for garden som læringsarena for barn og unge, og i 2016 nasjonal handbok for IPT-baserte dagaktivitetar for personar med demens. I 2018 kjem revidert veileiar i regi av NAV for arbeidsførebuande trening på gard for personar med psykiske problem eller rusproblem, og det er i tillegg planar om meir samarbeid framover.

Regjeringa har gjennom ei markant styrking av Utviklingsprogrammet for landbruksbasert vekst og verdiskaping, stimulert til målretta satsing på landbruksbaserte næringar. Programmet er no på om lag 100 millionar kroner. Ein kan og sjå at fleire og fleire Inn på tunet-verksemdar nyttar verkemidla i programmet, som går til vekstbedrifter, bedriftsnettverk og kompetanseutvikling. Inn på tunet Norge SA blei stifta i 2016 og ei rekke regionale SA er danna med støtte frå nettverksmiddel i utviklingsprogrammet.

Eg meiner betre organisering av næringa, ordningar over Utviklingsprogrammet saman med investerings- og bygdeutviklingsmiddel og satsing på kurs, utdanning og forskning, er dei viktigaste bidraga til auka profesjonalisering og lønsemd i næringa og betre tenester. Det er viktig å auke kunnskap og kjennskap om Inn på tunet i aktuelle kjøpargrupper. Mi vurdering er at næringa, forvaltninga og departementa arbeidar saman om dette på ein god måte.

Med bakgrunn i denne gjennomgangen, er mi vurdering at utviklinga av IPT-tenesta fungerer godt og at det ikkje er naudsynt med ein ny handlingsplan på noverande tidspunkt.

Med helsing

Jon Georg Dale